



Røysterett for Alle på julekonserten 2016

Røysterett for Alle har avlagt Årsmøte 26. januar. Uskedalen.no har fått tilsendt orientering frå Årsmøte.

Møtet vart sett kl. 18.10, og vart avvikla etter "tradisjonell oppskrift".

Det er influensatid, og ein del nykelpersonell var difor ikkje til stades. Sidan godt over halvparten av medlemene var til stades, var det semje om å gjennomføra møtet, og ta eit omframt årsmøte med postar som ikkje kunne gjennomførast tilfredsstillande.

Rekneskapen er oppgjort og revidert, men sidan kasserar ikkje var med på møtet, vart denne posten "sett på vent" til omframt årsmøte. Alle andre postar vart gjennomførte. Valnemnda hadde gjort eit grundig arbeid med full avklaring med aktuelle kandidatar for nye verv. Valet kunne difor gjennomførast greitt, og det nye styret ser slik ut:

Styrar: Lars Henrik Skogtun (ny kvart år)
 Styrelem: Renate Koløy (ikkje på val)
 Styrelem: Ragnhild Tvedt (ikkje på val)
 Styrelem: Brit Hjetland (ny)
 Styrelem: Svein Rimestad (ny)
 Vararepr.: Wenche Evensen
 Vararepr.: Berit Huse

Det nyvalde styret skal ha sitt fyrste møte 02.02. Det er mykje å diskutera og planleggja. Koret har trettiårsjubileum til neste år, og dette kan ikkje handterast med venstrehand. Regelverket har vorte moge for revisjon, og dette er og noko som lyt handterast rett. Aktivitetsplan for året lyt også koma på plass. Det vert altså mange detaljar å koma attende til etter at styret er konstituert, og har byrja få orden på desse sakene.

Tekst: Svein Rimestad
 Foto/Nett: Hans Ordin Østebø